

Tilbudsførespurnad – supplering til vaktordninga

Deltaking i veterinærvaktordning for Indre Hardanger vaktistrikt

Indre Hardanger vaktistrikt, bestående av Ullensvang kommune, inviterer til å gje tilbod på deltaking i veterinærvaktordning.

Førespurnaden er ei supplering til gjeldande avtaleperiode som løper fram til 31.12.2027, med moglegheit for forlengjing.

Kommunen har i dag avtale med 4 veterinærer som bidreg til veterinærtenester utanom ordinær arbeidstid, dvs. kveld, natt, helg og heilagdag. Vaktordninga er 3-delt på kvardagar og 4-delt på helg. Frå 30.09.25 har ein av dei 4 veterinærane sagt opp avtalen, og me søker derfor etter ein veterinær som kan gå inn i denne stillinga.

I tillegg omfattar stillinga arbeid som tilsett i 20% stilling på Hardanger Dyreklinikk AS. Eventuelt spørsmål om arbeid ved dyreklinikken kan rettast via e-post til Inger Synnøve Vestheim (post@hardangerdyreklinikk.no).

1. Oppdragsgjevar

Anskaffinga gjennomføres av Ullensvang kommune, org. nr. 920 500 633

Ytterlegare informasjon om oppdragsgjevar finnes på ullensvang.ommune.no

1.2 Oppdragsgjevares kontaktperson

Namn	Lisa Karine Haugland
E-post	lisa.haugland@ullensvang.kommune.no
Telefon	919 96 175

Eventuelt spørsmål om konkurransen eller oppdraget kan rettast via e-post til Lisa Karine Haugland.

2. Anskaffingas formål

Anskaffinga omfattar veterinærvakt i Indre Hardanger vaktistrikt som er Ullensvang kommune. Oppgåva inneber organisert sikring av tilgong på veterinærhjelp på kveld, natt og i helg/høgtid.

Med veterinærhjelp menes veterinærfagleg undersøking og behandling av dyr og veterinærfagleg rådgjeving ovanfor dyreeigar og andre.

Det er berre veterinærar med autorisasjon som tilbys å delta i vaktordninga.

For å dekkja behovet for veterinærar i vaktområdet, er det ønskeleg med 4 vaktandeler.

3. Konkurransesgrunnlagets oppbygging

Konkurransesgrunnlaget består av dette dokument samt:

Vedlegg 1 – Svardokument

Vedlegg 2 – Krav til tenesta, skildring av vaktordninga og vilkår

Vedlegg 3 – Kontraktsdokument

Anskaffinga reguleres av Ullensvang kommunes kontrakt om kjøp av veterinærvakttenester (Vedlegg 3). Det vil inngås ein løpande avtale med oppsigelsesadgang med 3 månadar varsel.

Anskaffinga gjennomføres i henhold til lov om offentlege anskaffingar av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) FOR 2016-08-12-974, del 1, som tilbudsførespurnad til utvalde aktuelle leverandørar.

Leverandørane oppfordres til å følgja dei anvisningar som gis i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg, og eventuelt stille spørsmål via e-post til oppdragsgjevars kontaktperson.

Sjå vedlegg 2 for ytterlegare beskriving av oppdraget.

4 Økonomi

Deltaking i vaktordninga godtgjerast av dei til ei kvar tid gjeldande satsar satt av Landbruksdirektoratet, www.landbruksdirektoratet.no.

5 Tidsfrister

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stilla spørsmål til konkurransegrunnlaget	08.08.2025 kl. 15.00
Tilbudsfrist	10.08.2025 kl. 15.00
Val av leverandør og meddeling til leverandør	Veke 33
Kontraktsinngåing	22.08.2025
Tilbodets vedståingsfrist	3 månadar

6 Tildeling av kontrakt

Tilbudet skal avgis av ein juridisk person med organisasjonsnummer, for eks ANK eller AS.

Veterinær skal angis med namn og HRP nummer.

Dersom det samla sett tilbys fleire veterinærar enn det behovet tilsier, vil utvelginga skje basert på dei tilbydde veterinærers erfaring med produksjonsdyr som sau og storfe. Oppdragsgjevar vil da vurdere erfaringa i antal år og omfang. Ved ei slik utvelging vil oppdragsgjevar be leverandørar ettersenda CV som beskriv erfaring for tilbydd personell.

7 Innlevering av tilbod

Tilbud skal leverast per e-post til følgjande adressa:

postmottak@ullensvang.kommune.no og merkast med «Tilbud veterinærvakttenester - sak 20/88». Leverandør skal i sitt tilbod levera utfylt Vedlegg 1 Svardokument, samt skatteattest og firmaattest.

8 Meddeling om tildeling

Oppdragsgjevars beslutning om val av leverandør vil bli meddelt alle deltakerar i konkurransen. Meddelinga vil innehalda ein begrunnelse for valet, samt angi karenstperiode.